

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 06.09.04 **Tid:** 15.00-17.15

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 5, inkl. 0 varamenn:

Andre som var til stade på møtet: Administrasjonssjef Ramsli, Ass.adm.sjef Våge og kommunekasserar Eikestad.

Merknader: Helge Reistad var ugild under sak 20/04. Magda Haugen møtte for han i handsaminga av denne saka.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10. september 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent slik den ligg føre med tilleggssak 22/04: Omorganisering av kommunal revisjon. Oppseiing av revisjonsavtale- vegen vidare.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Brigt Olav Gåsdaal stilte spørsmål om Samnanger kommune har gjennomført ROS-analyse og status for beredskapsarbeidet.

Ordførar orienterte om at Samnanger kommune har ein beredskapsplan. Kommunen har ikkje ein omfattande ROS-analyse, men metodikken var nytta i samband med vurdering av ambulansetilbodet. Smittevernplan vart vedteken av utval for oppvekst og omsorg i vår. Helsetilsynet har gitt pålegg om utarbeiding av beredskapsplan for helse og sosialberedskap, noko som no vert prioritert.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Administrasjonssjefen orienterte kort om bakgrunnen for omorganiseringa av Midthordland revisjonsdistrikt. Kommunane Austevoll og Os har sagt opp samarbeidet om revisjon.

Administrasjonssjefen og kommunekasseraren orienterte kort om budsjettkontrollen pr. dags dato. Det er mange usikre faktorar. Rammetilskotet vert regulert av folketalet i kommunen pr. 01.01. Samnanger kommune har ein nedgang i folketalet, og får dermed ein reduksjon i rammetilskotet. Reduksjonen på kr. 660.000,- vart gjennomført i juli. Det er ein dårleg skatteinngang landet sett under eitt. Sjølv om me i Samnanger ser ut til å få inn den budsjetterte skatten, gjer det at me får ein reduksjon i rammetilskotet ved at me får mindre overføring over ordninga med inntektsutjamning. Kor mykje det vert, er fortsatt usikkert, men det vil ha klar innverknad på driftsresultatet. Midlane som er avsett til dekking av lønsoppgjeret er 1.8 mill. kroner, noko som er tilstrekkeleg. Som tidlegare nemnd ventar me ein større auke i inntekter frå sal av konsesjonskraft som administrasjonen ser for seg kan dekkja delar av bortfallet i rammetilskotet. Einingane skal levere budsjettkontroll pr. 15. september, med påfylgjande rapportering frå adm.sjefen til kommunestyret den 23.09.04.

Administrasjonssjefen orienterte om saka vedk. Kårhus på Tysseland. Administrasjonssjefen og advokat Heldal har vore på synfaring. Saka vert no følgt opp gjennom rettssystemet.

Utvalet drøfta notat saksnr. 04/289 vedk. budsjettprosessen for 2005. Personal- og økonomiutvalet ønskjer å legge opp ein prosess i samsvar med notatet. Første samling vert 20.09.04 med PLO kl. 12-16.00 Den 28.09.04 vert det ei samling med skule og barnehage kl. 12.16.00. Arbeidsmøta vert starta med ei felleslunsj. Administrasjonssjefen utarbeidar grunnlagsmateriell i forkant av møta.

Kommunestruktursamling for regionen i Fjell kommune den 9 september vart nemnd. I oppfølging av dette bør kommunen ha folkemøte og partipolitiske gruppemøte. Det vert ny samling 18.10.04. i Bergen. Merk dato!

Ordføraren ønskjer å verta meir synleg ute blant innbyggerane. Ho vil kunngjera dette i lokalavisa, og ser for seg treffpunkt på Bjørkheim og på Ytre Tysse.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0020/04	04/00304 KJØP AV TRAKTOR
0021/04	04/00285 NOU 2004:12 BETRE SKATTEOPPKREVJING.
0022/04	03/00020 OMORGANISERING AV KOMMUNAL REVISJON. OPPSEING AV REVISJONSAVTALE - VEGEN VIDARE

0020/04

KJØP AV TRAKTOR

Handsaming i møte:

Helge Reistad ønska å verta vurdert som ugild ved handsaming av denne saka på grunn av at han er tilsett i teknisk eining. Utvalet vurderte Reistad som ugild, og han gjekk ifrå. Magda Haugen var med utvalet under handsaminga av saka.

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: "Samnanger kommune går til innkjøp av ny traktor. Med bakgrunn i kostnadstala slik dei kjem fram i saka, låner kommunen kr. 553.000,- til å finansiere kjøpet."

Det vart røysta over tilrådinga. Fire røysta for og ein røysta imot.

Vedtak:

Samnanger kommune går til innkjøp av ny traktor. Med bakgrunn i kostnadstala slik dei kjem fram i saka, låner kommunen kr. 553.000,- til å finansiere kjøpet.

0021/04

NOU 2004:12 BETRE SKATTEOPPKREVJING.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune tilrår at skatteoppgåvene som framgår i NOU 2004:12 framleis skal vere utført av kommunane. Kommunestyret kan ikkje sjå at ei statleggjering av oppgåvene vil gje meir kostnadseffektive løysingar og betre resultat enn det kommunane oppnår i dag.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke. Saka vert handsama endeleg av kommunestyret.

Vedtak:

Samnanger kommune tilrår at skatteoppgåvene som framgår i NOU 2004:12 framleis skal vere utført av kommunane. Kommunestyret kan ikkje sjå at ei statleggjering av oppgåvene vil gje meir kostnadseffektive løysingar og betre resultat enn det kommunane oppnår i dag.

0022/04

OMORGANISERING AV KOMMUNAL REVISJON. OPPSEING AV REVISJONSAVTALE - VEGEN VIDARE

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: "Samnanger kommune seier opp avtalen om revisjon med Midthordland revisjonsdistrikt." Samrøystes tilrådd til kommunestyret.

Vedtak:

Samnanger kommune seier opp avtalen om revisjon med Midthordland revisjonsdistrikt.